


MERKNADSKJEMA - OPPSTART PLANARBEID

Plannamn:	Detaljreguleringsplan for Hanseskogen
Arealplan-ID:	2022001
Arkivsaknr. :	
Utarbeidd av:	Asplan Viak AS, LLH
Sist revidert:	29.08.22

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Framleggsstillar sin kommentar
	Private merknadar		
1	Samla privat merknad, datert 16.07.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <p>1. Ber om at buffersona langs Lærdalselva vert oppretthalden slik den er i den stadfesta Reguleringsplanen for Lærdalsøyri frå 70-talet. Elvevern og større risiko for flaum og ras som fylgje av klimaendringar, talar også for dette.</p>	<p>1. Ikkje teke til følgje. Det er mangel på bustadtomter på Lærdalsøyri. Det er difor ønskeleg å fortette og utvide Hanseskogen bustadfelt. Planavgrensinga går ikkje over turvegen som går langs Lærdalselvi.</p>
2	Anne Karin Heggø og Per Einvald Aspervik, datert 01.08.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <p>1. Ber om at tomta deira, Hanseskogen 23, vert halden utanfor planframlegget då ein har private framtidsplanar for tomta.</p>	<p>1. Ikkje teke til følgje. Tomta er del av Hanseskogen og inngår såleis i planområdet.</p>
3	Rune Bolstad, datert 12.08.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <p>1. Ber kommunen ta omsyn og behalda den vesle grønne lungen som er igjen som friareal i bustadfeltet. Denne grønne lungen/friarealet i Hanseskogen er i dag den einaste plassen i nærområdet der barn kan leika utan fare for trafikken. Området vert nytta av bebuarar, barnehage m.fl.</p>	<p>1. Delvis teke til følgje. Planframlegget legg til rette for ei fortetting innfor friarealet. Deler av friarealet vert imidlertid ivareteke som</p>

			<p>grøntareal med føresegn som sikrar nærleikeplass og uteopphaldsareal.</p>
4	<p>Edwin Mikal Hauge og Anne Karin Brugrand, datert 12.08.2019</p>	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ber kommunen ta omsyn og beholde den vesle grønne lungen som er igjen som friareal i bustadfeltet. Friarealet i Hanseskogen er i dag den einaste plassen i nærområdet der barn kan leike utan fare for trafikken. Området er brukt av bebuarane i Hanseskogen i samband med jonsok feiring, juletre og sosiale aktivitetar. Dette området er og mye brukt av barnehagen som turområde for lek og lunsj i det fri. 2. I samband med kjøp av eigendom gbnr. 31/689 vart det frå kommunen si side påpekt at «del av arealet som ligg inn i friarealet på vestsida av tomt, ikkje kan seljast eller brukast som tilleggsareal til tomt», sjå område merka med raudt. Det ble presisert at arealet framtidig skal ligge som friareal. Med dette som bakteppe gikk vi med på at kommunen overtok «vår» trekant. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Delvis teke til følgje. Planframlegget legg til rette for ei fortetting innafor friarealet. Deler av friarealet vert imidlertid ivareteke som grøntareal med føresegn som sikrar nærleikeplass og uteopphaldsareal. 2. Teke til orientering. Har vi noe historikk/svar på dette?
5	<p>Henrik Hartman-Thim, datert 12.08.2019</p>	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ønsker at kommunen tek omsyn og beholder friarealet og heller ser på andre alternativ. På kart som eg har sett er det satt in som Fellesareal og Leikeplass utanfor vår tomt i friarealet. Dette er eit av få, om ikkje det einaste friarealet på Øyri. Området er godt brukt av barn/barnehage til leik, likså til bruk i samband med jonsok feiring, jultre og andre sosiale aktivitetar. 	<ol style="list-style-type: none"> 2. Delvis teke til følgje. Planframlegget legg til rette for ei fortetting innafor friarealet. Deler av friarealet vert imidlertid ivareteke som grøntareal med føresegn som

			sikrar nærleikeplass og uteopphaldsareal.
6	Ragnhild Kvamme Simonsen, datert 13.08.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <p>1. Ber om at Lærdal kommune sender ut et nytt informasjonsskriv der det også vert orientert om vegsystemet som vil inngå ved Reguleringsplanen i Hanseskogen. Først når ei ny og omfattande orientering føreligg vil det vera mogeleg for berørte bebuarar i Hanseskogen å koma med konkrete innspel til Reguleringsplanen. Viser til kommunens utrednings- og informasjonsplikt, jf. Forvaltningsloven § 17 første ledd, ang. ansvar for at saka vert så godt opplyst som mogeleg.</p>	1. Ikkje teke til følgje. Offentleg ettersyn og høyring av planen vil gje berørte bebuarar i Hanseskogen innsyn i plandokumenta og moglegheit til å kome med konkrete merknadar.
7	Olav David Skjerping, datert 13.08.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <p>1. Ber kommunen ta vare på det grøne området som er att mellom Skulevegen, Øyane og Sviggum. Skulevegen 38. ynskjer fortsatt at dette området skal vere eit friområde. Dette er den einaste plassen i nærområdet, der ungane kan leike utan fare for trafikk. Området er brukt av bebuarane i Hanseskogen til jonsokfeiring og andre sosiale aktivitetar. Området vert og mykje brukt av barnehagen til turmål for leik og lunsj ute i det fri.</p> <p>Etter at det vart bestemt at Øyamarki skulle takast til bustadtomter, så blir det mindre grønt område i Hanseskogen. Dette er enda ein grunn til at det som er regulert til friområde, bør vere friområde.</p>	1. Delvis teke til følgje. Planframlegget legg til rette for ei fortetting innafri friarealet. Deler av friarealet vert imidlertid ivareteke som grøntareal med føresegn som sikrar nærleikeplass og uteopphaldsareal.
8	Johan Grøtnebø, datert 13.08.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <p>1. Ber om at isolasjonsbeltet/bufferzona langs Lærdalselva vert oppretthalden slik den er i reguleringsplanen for Lærdalsøyri frå 70-talet. I denne planen var vern av elva og elvelandskapet ein viktig planføresetnad og dette er minst like aktuelt i dag som då. Risiko for flaum og ras som fylgje av klimaendringar talar for å ha ei slik buffersone.</p> <p>2. Bustadfelta i Hanseskogen er gode og trafikksikre bustadfelt med eit sentralt bilfritt leike- og friområde for heile Hanseskogen. Omdisponering av desse areala, vil kunna forringa trafiktryggleiken og kvaliteten på buområda ikkje minst for born og unge. Visar her til rikspolitiske retningslinjer for born og unge, som skal vera førande i planlegginga.</p> <p>3. Ein syns elles at det å starta arbeidet med utviding og revisjon av detaljreguleringsplanen for Hanseskogen er å starta i feil ende av ein planprosess, og kan vera sløsing av planressursar. Kommunen må fyrst avklara arealbruken i kommuneplanen/arealplanen, herunder då også flaumsikringsplanen som tidlegare er gjort vedtak om i kommunen.</p>	<p>1. Ikkje teke til følgje. Det er mangel på bustadtomter på Lærdalsøyri. Det er difor ønskeleg å fortette og utvide Hanseskogen bustadfelt. Planavgrensinga går ikkje over turvegen som går langs Lærdalselvi.</p> <p>2. Delvis teke til følgje. Planframlegget legg til rette for ei fortetting innafri friarealet. Deler av friarealet vert liggande som grøntareal med føresegn som sikrar</p>

			<p>nærleikeplass og uteopphaldsareal.</p> <p>3. Teke til orientering.</p> <p>Planframlegget er i tråd med høyringsframlegget til arealdelen. Denne skal etter planen vedtakast i haust.</p>
9	Anders Øye, datert 18.08.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <p>1. Grunneigar av Øyamarki. Vil gjerne vera i tett dialog i samband med planarbeidet. Etter at Øyamarki vart vedteken i juni 2009 fekk ein lovnad frå dåverande ordførar om at ein skulle få bygga ut og selja tomtene sjølv. Dette har heile tida vore intensjonen. Har innspel til utnytting, tomteinndeling og anna detaljering av planen. Vil gjerne kome i dialog med kommunen om å la Øyamarki vera eigen plan eller om ein skal setta det av som eige område i planen for Hanseskogen.</p>	<p>1. Delvis teke til følge.</p> <p>Øyamarki er del av planarbeidet. Øyamarki er noko justert med tanke på tomteinndeling og tilkomstveg.</p>
10	Brita Einemo Zwart, datert 09.09.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <p>1. Vedlagt skisse viser at det mogeleg å skille frå ein tomt med nytt gbnr. på arealet mot vegen Hanseskogen. Det kan nyttast felles innkøyring til 31/300. På gbnr. 31/ 300 er det eit gammalt hus som bør bevarast , men for å gjere huset om til attraktiv heilårsbustad føreslår ein å endre bruksløyve slik at uthuset/løa kan nyttast til bustadføremål.</p> 	<p>1. Delvis teke til følge.</p> <p>Eigedomane er regulert til bustad.</p>

	Lag/organisasjonar		
11	Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag, Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund, Norsk Ornitologisk Foreining Sogn og Fjordane, Fortidsminneforeningen Sogn og Fjordane, Sognefjorden Vel, Hornelen kystlag, Indre Sogn Kystlag, Nordfjordbåtlaget, Kystkulturlaget i Vågsøy, og Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane), datert 12.08.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <p>1. Innspelet gjeld følgande tema: «Samarbeid om planlegging knytt til ansvaret kommunen har etter plan- og bygningsloven», «Vår innstilling til kommuneplanar, reguleringsplanar og forvaltningsplanar», «Kunnskapsgrunnlaget om klimaendringar og arealendringar», «Rapportane til Riksrevisjonen om arealstatus og arealutvikling», «FN sine berekraftsmål og 2030-agendaen» og «Reguleringsplanar som vert utarbeidd av private aktørar og våre erfaringar». Innspelet i sin heilskap legg ved som vedlegg til planframlegget.</p> <p>Konklusjon: Basert på kunnskapsgrunnlaget er det tydeleg at vi ikkje kan halde fram med større arealendringar eller fragmentering av landskapet basert på bit-for-bit-utbygging. Ein bør leggje rapportane frå Riksrevisjonen til grunn, og kommunestyret og administrasjonen bør evaluere status i kommunen, slik at forvaltninga vert tilpassa regelverket og målsettingane for 2030-agendaen og FN sine berekraftsmål. Kunnskapsgrunnlaget om klimaendringar og arealendringar, samt funna frå Riksrevisjonen i 2007 og 2011, bør forankrast tverrpolitisk i kommunestyret. Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane oppmodar kommunestyret og administrasjonen til å leggje vekt på denne kunnskapen både i pågåande planprosessar, og alle komande kommuneplanar og reguleringsplanar.</p> <p>Organisasjonane i Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane har god kompetanse innan naturforvaltning, miljø og planlegging. Inviterer på dette grunnlaget kommunestyret og administrasjonen til samarbeid om planlegginga, for å sikre naturgrunnlaget, friluftslivsinteressene og primærnæringane.</p>	1. Teke til orientering.
12	Lærdal Elveigarlag v/Ola Petter Bøe, datert 19.08.2019	Lærdal Elveigarlag representerer 24 fiskevald og 72 elveigarar, dvs. alle fiskerettshavarar i den lakseførande delen av vassdraget. Elveigarlaget har i ei årrekke vore engasjert i forvaltnings-spørsmål for Lærdalselva i samarbeid med NVE, Fylkesmannen og Lærdal kommune. Lærdal Elveigarlag har forvaltningsansvaret for Lærdalselva.	1. Ikkje teke til følgje, flaumsikringsprosjektet er ikkje starta opp skikkeleg enno, og er ein langvarig prosess som skal sikre

		<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <ol style="list-style-type: none"> Planområdet: Planområdet ligg innafor planområdet for detaljreguleringsplan for flaumsikring av Lærdalsøyri. Reguleringsendringane i Hanseskogen er avhengig av, og vert påverka av, detaljreguleringsplan for flaumsikring av Lærdalsøyri. Reguleringsendringane i Hanseskogen kan også blokkera for nødvendige tiltak / løysingar i arbeidet med flaumsikringa av Lærdalsøyri. Lærdal Elveeigarlag meiner difor at det er avgjerande for planprosessen at detaljreguleringsplanen for flaumsikring av Lærdalsøyri er ferdig, før ein kan starta arbeidet med reguleringsendringar i Hanseskogen. Område mellom Lærdalselva og Hanseskogen bustadfelt som framtidig bustadområde: Forstår at det vurderast å regulere arealet mellom eksisterande bustadområde og Lærdalselva til framtidig bustadområde. Lærdal Elveeigarlag er kritisk til at dette området vert vurdert til framtidig bustadområde. Området ligg tett opp til Lærdalselva (i vassdragssona) innan 50-meters grense jfr. Kommuneplan. Me ønskjer å minne om at Lærdalselva er eit nasjonalt laksevasdrag der villaksen skal ha eit særleg vern. Førvar tilnærminga i lakseforvaltninga skal leggast til grunn av alle involverte sektorar. 	<p>eksisterande busetnad. Det er stilt krav om sikker bygging i høve flaum for nye bustadar, og det kan då vurderast å sikre med heving av grunn, høgare grunnmur osv.</p> <p>2. Ikkje teke til følgje. Det er mangel på bustadtomter på Lærdalsøyri. Det er difor ønskeleg å fortette og utvide Hanseskogen bustadfelt. Planavgrensinga går ikkje over turvegen som går langs Lærdalselvi.</p>
	Høyringsinstansar:		
13	Sogn og Fjordane Fylkeskommune, datert 06.08.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <ol style="list-style-type: none"> Planfagleg: Det er positivt av kommunen vurderer å fortetta eit eksisterande bustadfelt, som ligg nær barneskulen og sentrum av Lærdal. Etter det vi kan sjå av ortofoto, ligg det eit potensiale i å fortetta dette området, mellom anna på grunn av store friareal og fleire ledige private tomter. Vassmiljø: Lærdalselva har i dag moderat økologisk tilstand. Planområdet har potensial til å påverke vassførekomsten, og i tråd med pbl §4-2 må ein i framlegg til plan vurdere nærare kva konsekvensar planen kan ha på vassmiljø. Fylkeskommunen vil vurdere å reise motsegn avhenging av kva konsekvensar planen vil kunne få for vassmiljø. Vassforskrifta §4 (overflatevatn) og §6 (grunnvatn) tillét ikkje at nye byggjetiltak gjer tilstanden av elver, bekkar, grunnvatn og kystvatn dårlegare enn han er i dag, eller sett miljømåla i risiko. Dette er minstekrav. I tillegg bør reguleringsplanar og utbyggingstiltak legge til rette for betring av vassmiljøet. Vann- og avløpsløyseringar må sikre at utslepp ikkje overskrid toleevna til vassførekomsten/ resipienten og at miljøtilstanden ikkje vert dårlegare. Klima: Regionalplan for klimaomstilling vart vedteken i juni 2018. Denne planen inneheld fleire overordna tema som er aktuelle for planområdet. Bør definere føresegn knytt til materialbruk og energiløysingar i nye 	<ol style="list-style-type: none"> Teke til orientering. Teke til følgje. Det er sett krav i føresegn, mtp. forureining og utslepp til elva. Teke til følgje. Det er sett krav til energiløysingar i nye bygg og materialval i føresegn. Teke til følgje. Det er sett krav til treleddstrategi i føresegn. Delvis teke til følgje. 50 meter byggeforbodbeltet var sett i tråd med gjeldande planverk. Planframlegget legg til rette for å endre

	<p>bygg. Vurdere energibruk og effektivisering i både bygge- og driftsfase, og vurdere dette i eit livsløpsperspektiv. Løysingar for fornybar energi er særleg aktuelle i planar der ein planlegg fleire nye bueiningar, ettersom dette kan gjere det enklare og rimeligare å legge opp til fellesløysingar for fornybar energi.</p> <p>4. Overvasshandsaming: Ved utbygging i planområdet vil ein auke delen tette flater og overvatn blir då, i mindre grad enn før, infiltrert naturleg i grunnen. I regional plan for klimaomstilling er det mellom anna mål om at overvatn ska handterast lokalt med blå-grøne strukturar. God handsaming av lokalt overvatn blir ofte gjort gjennom ein strategi som inkluderer infiltrasjon, fordrøying og flaumveggar (treleddstrategien).</p> <p>5. Flaum: Viser til NVE si retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar. Her er det skildra kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen. I utkast til forvaltningsplan for Lærdalsvassdraget som er på høyring fram til 12.08.19, ligg området ein ønskjer å utvida med bustader innafor ei byggeforbodsone (50 m frå Lærdalselva). Vi føreset at naudsynte avklaringar vert gjort opp mot forvaltningsplanen for Lærdalsvassdraget, og at dette vert fokusert på i planarbeidet vidare.</p> <p>6. Born og unge, grønt- og leikeareal, gang- og sykkelveg: Viktig å sikre/oppretthalde tilgangen til leikeareal/grøntområde i nærleiken av bustadfeltet. Slike «nær-areal» er særleg viktig for dei minste borna og for eldre og andre bebuarar som har avgrensa moglegheit til å bevege seg over lengre distansar. Ein bør definere i føresegnene kva kvalitetar grøntarealet skal ha, både knytt til stigningsgrad, grønstruktur og apparat for lek og opphald.</p> <p>7. Vedtaksfreda bygning: Den vedtaksfreda bygningen Hansegarden ligg nord-vest i planområdet. Bygningen vart freda i 1923. På denne tida hadde ein moglegheit til å kun frede bygningane, og ikkje noko område rundt dei. Ei fylje av dette er at mange freda bygningar har fått endra omgjevnadane sine vesentleg og med dette har ein del av den konteksten bygningane stod i forsvunne. For Hansegarden har utbygginga av bustadfeltet ført til ei vesentleg endring av omgjevnadane til huset. Det er difor etter vår vurdering svært viktig at ein i samband med revidering av gjeldande plan tek vare på restverdiane i omgjevnadane rundt Hansegarden. Vi vil difor råde dykk til å legge ein omsynssone c) H-570 over gb.nr. 31/200. Det må også utarbeidast gode retningsliner for å ivareta omgjevandane til den freda bygningen. Vi vil her føreslå at det vert lagt inn føresegner om at det ikkje kan byggast nye bygningar på gb.nr. 31/200 og at hagen skal bevarast. Sjølve bygningen som er freda må i plankartet merkast av med Sosi-kode H-730 og vi vil råde til at det i føresegnene vert synt til vedtak om freding og at bygningen skal handsamast i tråd med desse. Ut i frå det vedlagte plankartet ser vi at planområdet deler gb.nr. 31/200 og at grensa går ved</p>	<p>byggeforbodsbeltet gjennom ny reguleringsplan for området.</p> <p>6. Teke til følgje. Ein beholder deler av sentrale grøntareal til leikeplass og uteopphaldsareal. Det er lagt til rette for tre nærleikeplassar innafor planområdet. Det er sett krav til grøntareala/leikeplassane.</p> <p>7. Ikkje teke til følgje. Hansegaren er ikkje del av planområdet. Regulerer ikkje eigedom med gbnr. 31/200.</p>
--	--	--

		hagetrappa på Hansegarden. Vi vil difor råde dykk til å utvide planområdet slik at det omfattar heile gb.nr. 31/200.	
14	Fylkesmannen, datert 27.06.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Brukar eit eige skriv med merknader ved oppstart av reguleringsplanarbeid. Merknadene i skrivet er å sjå på som ein del av fråsegna vår til oppstartsvarselet. Planomtalen skal gjere greie for verknadene planen vil kunne få for ulike interesser og omsyn (jf. pbl. § 4-2). Tiltrår at planarbeidet vert vurdert i lys av det pågåande arbeidet med revisjon av arealdelen til kommuneplanen der areal til bustadbygging er eit sentralt tema. 2. Natur og miljø (Lærdalselvi/vassmiljø): Av kommunen si saksutgreiing går det fram at det er mogleg å utvide bustadfeltet mot Lærdalselvi. Avstanden frå elvekilen og til eksisterande bustadeigedomar varierer mellom om lag 30 og 40 meter, og dette området langs elva er i gjeldande reguleringsplan regulert til grøntområde. Fylkesmannen ser det som viktig at heile denne sona langs det nasjonale laksevassdraget vert oppretthalde som grøntområde utan nye bustader/bygningar. Veggen som går langs elva er ein mykje nytta turveg. Ei utbygging med bustader i denne sona langs elva/elvekilen vil komme heilt ut mot elvekilen og turvegen, og dette vil virke klart negativt inn på dei allmenne interessene som er knytte til elva og turvegen. Fylkesmannen vil ut frå dette klart rå frå å opne for bygging av bustader nærare elva enn dagens utbygging. Vi tilrår at det vert vurdert i kva grad planen kan verke inn på vassmiljø, og at planarbeidet vert vurdert i lys av vassforskrifta. 3. Barn og unge: Tiltrår at det i planarbeidet vert vurdert om det er behov for å utvikle grøntstrukturen og tilhøva for gåande og syklende. Det er knapt med opparbeidde leikeareal innanfor planområdet. Vi føreset at verknadene av planframlegget for barn og unge, og behovet for tilrettelegging for born og unge som fylgje av bustadutbygginga, vert vurdert i planomtalen. Vi tenkjer her først og fremst på behovet for å setje av areal til ein eller fleire nærleikeplassar i bustadområdet. Leikeareal skal i utgangspunktet vera universelt utforma, jf. § 8.2 i TEK17. Opparbeiding av leikeareal må vera sikra gjennom funksjonskrav i føresegnene. Vi tilrår at det i føresegnene vert stilt konkrete krav til utforming og opparbeiding av leikeplass. 4. Universell utforming: Reguleringsplanen bør sikre «tilstrekkelig antall parkeringsplasser for forflytningshemmede der det er stilt krav om parkering i eller i medhold av plan- og bygningsloven» (TEK17 § 8-8). 5. Støy: Planområdet grensar i sør til Rv. 5, og støy er derfor eit aktuelt tema i planarbeidet. Vi oppmodar om at det gjennom val av utbyggingsløyser og plassering av nye bustader, inkludert uteopphaldsareal, vert søkt å minimere støyulempene frå riksvegen. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Teke til følgje. 2. Ikkje teke til følgje. Planframlegget legg til rette for bustadutbygging mellom eksisterande bustader og turvegen. 3. Teke til følgje. Det er regulert areal der det skal opparbeidast nærleikeplass (3stk). Det er og sett krav til uteopphaldsareala. Det er sett funksjonskrav til nærleikeplassane. 4. Ikkje teke til følgje. Planframlegget set ikkje krav om «tilstrekkelig antall parkeringsplasser for forflytningshemmede» då framlegget ikkje legg til rette for fellesløyser for parkering. Parkering vert løyst på eigen grunn. 5. Teke til følgje. Planframlegget legg i hovudsak til rette for nye bustader i område som ikkje er utsett for vegtrafikkstøy. Det vert lagt til rette for to nye bustadtomter i område langs Rv. 5 med gul støysone.

		<p>6. Landbruk: Planområdet omfattar fulldyrka jordbruksareal som både i overordna plan og reguleringsplan er sett av til og regulert til bustadføremål. Har difor ingen avgjerande merknader til sjølve bruken av arealet. Då det er tale om sentrumsnært utbyggingsareal i eit område med mangel på bustadtomter, rår vi til at det vert lagt til rette for høg arealutnytting og konsentrert utbygging med minst rekkehus eller fleirmannsbustader. Etterbruk av matjord til jordbruksføremål ser vi på som eit viktig avbøtande tiltak når jordvernet må vike for andre samfunnsnyttige føremål. Vi rår til at etterbruk av matjord til jordbruksføremål vert gjennomført som kompensasjon for at fulldyrka jord vert bygt ned i samband med tiltaket, og at dette vert innarbeidd som eit rekkefølgjekrav i planføresegnene.</p>	<p>6. Teke til følgje. Det er sett krav til etterbruk av matjord.</p>
15	NVE, datert 27.06.2019	<p>Har følgjande hovudpunkt i si merknad:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Flaumfare: Planområdet ligg innanfor område som er kartlagt for flaumfare. Kartlagt flaumareal må visast med omsynssone flaumfare H320 i plankartet (jf. pb1 § 12-6) med tilhøyrande føresegnar som sikrar tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med krava i Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2 før utbygging kan finne stad. 2. Skredfare: For delar av planområdet er det kartlagt skredfare for alle tryggleiksklassane som er definert i Byggteknisk forskrift (TEK17). Fareområda visast med omsynssone skredfare H310 i plankartet (jf. pbl § 12-6), med tilhøyrande føresegnar som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen. 3. Marin grense: Planområdet ligg under marin grense. I følgje NGU sitt lausmassekart er lausmassane i planområdet elveavsetningar. Under desse avsetningane kan det vere marine avsetningar. I område med marine avsetningar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire. Fare for områdeskred av kvikkleire må difor vere eit tema i ROS-analysen. 4. Klimaendringar: Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing vart vedtekne 28.09.2018. I planretningslinjene står det mellom anna at planlegging skal bidra til at samfunnet er budd på, og tilpassa klimaendringane. Norsk klimaservicesenter har utarbeidd Klimaprofil for Sogn og Fjordane. Vi rår til at de nyttar kunnskapen klimaprofilen gir om forventna klimaendringar i planarbeidet. 5. Overvatn: Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. Ved store utbyggingsområde og utbygging i tettbygde strøk bør de vurdere kva krav til drying av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda. Bør vurdere konkrete krav til lokal drying av vatn i nye byggeområde. 6. Omsyn til vassdrag: I følgje vassressurslova (vrl) § 11 skal det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Teke til følgje. Det er sett av sone for flaumfare i plankartet med tilhøyrande føresegn. 2. Teke til følgje. Det er sett av sone for rasfare i plankartet med tilhøyrande føresegn. 3. Teke til følgje. Marin grense er nevnt som hending i ROS-analysen. 4. Teke til følgje. Klimaprofil for Sogn og Fjordane er vist til i planomtalen. 5. Delvis teke til følgje. Det er sett krav til utarbeiding av VA og overvassløyising i føresegn. 6. Teke til følgje. Planavgrensinga er sett aust for turvegen som går på vollen langs Lærdalselvi, og går såleis ikkje inn over vegetasjonsbeltet langs Lærdalselvi.

		for plantar og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i reguleringsplanen. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. pbl § 12-5 nr 6, bør nyttast til å merke vasstreng med t.d. underkategorien «Natur og friluftsliv». Dersom planen legg til rette for inngrep i eller langs vassdraget må det gjerast greie for kva konsekvensar tiltaket har for allmenne interesser i vassdraget.	
16	Statens vegvesen, datert 10.07.2019	<p>Har følgande hovudpunkt i si merknad:</p> <p>1. I arbeidet med revidering og utviding av reguleringsplan for dei eldre planane, må Lærdal kommune sikre at siktsoner frå planområdet til offentleg veg er i samsvar med krava i handbok N100. Siktsoner må teiknast og målsetjast på reguleringskartet og må omtalast som omsynssoner i føresegnene. Likeins må byggegrenser vere i samsvar med eksisterande byggegrenser til E16 og fv. 271. Eventuelle fråvik frå handbok N100 og veglova må avklarast med vegeigar før plan vert sendt ut på offentleg høyring.</p>	<p>1. Teke til følgje. Siktsoner er teikna og målsett i plankart og omtalt i planomtale og føresegn. Byggegrense er i samsvar med eksisterande byggegrenser til E16 og fv. 271.</p>